



SULA KOMMUNE
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Astrid Buset, 71 25 85 41

Vurdering av motsegn - avgrensa høyring - Sula - områderegulering for Sulafjellet

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til kommunen si oversending den 18. april 2024 av områderegulering for Sulafjellet på avgrensa høyring.

Planforslaget er revidert for å kome motsegner knytt til støy, landbruk, naturmangfald (atlantisk høgmyr) og born og unge i møte. Endringane går fram av dokument utarbeidd av Nordplan (dat. 17.04.2024), revidert plankart (dat.22.03.2024) og reviderte planføresegner (dat. 17.04.2024). Kommunen ber Statsforvaltaren om å trekke motsegnene.

Naturmangfald

Det er gjort endringar i planen for å redusere terrenginngrepa og innarbeidd krav til avbøtande tiltak som følgjer opp dei faglege råda i notat frå Biota Naturkompetanse (dat. 23.01.2024) og innspela våre i arbeidsmøte den 27. februar 2024. Tiltaka vil sikre vasshushaldet i naturtypen atlantisk høgmyr, som er raudlista som sterkt trua (EN), og bidra til å vareta naturtypelokaliteten etter utbygginga. Vi kan trekkje denne motsegna.

Støy

Støyføresegnene er omarbeidd, og sikrar no i tilstrekkeleg grad at støy vert varetatt ved framtidig utbygging. Vi kan trekkje motsegna med desse endringane.

Landbruk

Endringane svarar ut konfliktpunkta knytt til landbruk ved at beiteinteressene på Sulafjellet er tilstrekkeleg varetatt. Vi kan trekkje motsegna.

Barn og unge

Statsforvaltaren fremja i brev den 8. februar 2023 motsegn knytt til manglande kunnskap om born og unge sin bruk av friområde ved Mikalgarden/Molværsbrauta og konsekvensar for bygging og drift av gondolbana gjennom friområde for denne bruken. Motsegna var også knytt til manglande medverknad frå denne gruppa i planprosessen. Motsegna er forankra i Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging pkt. 4 a) og d) som seier at kommunen skal vurdere konsekvensar for born og unge i plansaka og organisere planprosessen slik at synspunkt som gjeld born kjem fram og at ulike grupper born og unge sjølv blir gitt høve til å delta, jamfør plan- og bygningslova § 5-1 sine krav til medverknad.

Motsegn 8. februar 2023:

Areal som i arealplanar er sett av til friområde eller fellesareal, eller som er eigna for eller nytta til leik, kan ikkje omdisponerast til annan bruk utan at det vert skaffa fullverdig erstatning for arealet. Vesentlege delar av friområdet aust for Molværsbrauta (FR11 og FR13) vert regulert med sikringszone transport (H130) langs gondoltraseen og det skal byggast ei 49 meter høg taubanemast (ASB3) på arealet.

I samband med oppstart av planarbeidet stilte vi krav om utgreiing av planen sine konsekvensar for born og unge. Vi bad spesifikt om ei utgreiing av om areal som er i bruk av born og unge vert råka av planane og i kva for grad.

Friområdet vidarefører den overordna grønstrukturen i kommuneplanen som bitt saman bustadområda med turområda på Sulafjellet. Av planomtalen (s. 52) går det fram at friområdet vert nytta av Molvær og Langevåg barnehagar som tur- og leikeområde. Det er uklart om registreringa av barnetrakk i samband med områdeplan for Langevåg dekkjer dette området, og kva som eventuelt var funna i det arbeidet. Vi viser til at kommuneplanen sin arealdel § 2.1.7 stiller krav om digital barnetrakkregistrering i vurderinga av born og unge sine interesser i plan- og byggesaker. Området er ikkje blant dei områda som vart kartlagt som friluftsområde etter Miljødirektoratet si handbok i 2018, men konsekvensutgreiinga konkluderer med betydeleg miljøskade for tema friluftsliv i delområde 1 (nærfriluftsområde Langevåg). Friområdet ved Molværsbrauta inngår i delområde 1. Konsekvensutgreiinga peikar på negative visuelle nær- og fjernverknader knytt til gondol, mastepunkt og hogst, samt støy i anleggs- og driftsperioden.

Gondolbana kan medføre at dette friområdet får redusert attraktivitet og vert mindre brukt. Sjølv om ikkje areal på bakken vert bygd ned i vesentleg grad, kan aktiviteten i lufta opplevast som ei psykisk barriere mot bruk. I tillegg kan det potensielt kome nedfall av is og/eller snø. Dette må omhandlast nærare. Støy frå gondolen må omtalast, jamfør utarbeidd støyrapport frå Norconsult.

Planen drøftar lite kva for konsekvensar planen får for attraktiviteten og bruken av friområdet, og vi kan ikkje sjå kva for medverknad, jamfør PBL § 5-1 andre ledd, barnehagane og andre som nyttar området har hatt i arbeidet med utarbeiding av denne planen. Inntil det er gjort nærare greie for bruken av friområdet gjennom året, med vurderingar av konsekvens av bygging og drift av gondolen for denne bruken, har vi motsegn til planen, jamfør PBL § 5-1 og «Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging» 4 a) og d). Det bør innhentaast erfaringsgrunnlag frå likande prosjekt, og det må leggest til rette for aktiv medverknad frå born og unge.

Motsegna vart oppretthaldt i brev den 2. november 2023:

Friområdet ved Molværsbrauta er ein viktig del av den samanhengande grønstrukturen, som bitt bustadområda saman, og som er del av ein grøn korridor mellom sentrum og Sulafjellet.

Gondolbana vil ligge midt gjennom området, og legge beslag på luftrommet over vesentlege delar av friområdet. Dette vil gje området redusert kvalitet og bruksverdi. Det er uheldig at offentlege friområde

vert nytta til føremål som reduserer attraktiviteten i området, sjå merknad under folkehelse. Samstundes vil funksjonen som grønkorridor oppretthaldast. Det er ikkje sikra kompensierende tiltak, som til dømes erstatningsareal eller auka tilrettelegging annan stad.

I følgje planomtalen er området brukt av Langevåg barnehage til tur langs eksisterande sti. I konsekvensutgreiinga for friluftsliv ved første offentlege ettersyn konkluderte konsekvensutgreiinga med betydeleg miljøskade for nærfriluftsområde Langevåg. Dette friområdet inngjekk i dette delområdet. I oppdatert KU for friluftsliv er dette friområdet ikkje greidd ut, medan det er greidd ut konsekvensar for mindre friluftsområde og barnehageareal som ligg utanfor planområdet. Dette er inkonsekvent. Det er heller ikkje no gjennomført barnetråkk. Vi opprettheld motsegna.

Motsegna vart søkt løyst i arbeidsmøte den 27. februar 2024 og synfaring den 14. mars 2024.

Forslag til avbøtande og kompensierende tiltak som vart vurdert etter synfaringa i mars er avvist av kommunen. Kommunen foreslår i staden rekkjefølgjekrav knytt til opparbeiding av allereie innregulert fortau langs Molværsbrauta. Fortau langs denne vegen vil uansett vere påkravd og vil ikkje kompensere for redusert brukskvalitet i friområdet. Det er heller ikkje stilt krav om å utbetre turvegen «Knivstikkaren». I staden peikar ein på at det *kan* byggast ny turveg nordaust i friområdet. Dette vil vere lite føremålstenleg, då her alt er etablert ein raskare gangforbindelse via Mikalgarden. Denne turvegen vil òg føre med seg større terrenginngrep i ein bekkedal med inngrep i vassdrag som potensielt er sjøauførande, ei løysing vi ikkje kan tilrå. Forslaga til løysing i planforslaget tyder på at det er liten forståing for snarvegens «natur», som rask og effektiv ferdsselsforbindelse og supplement til resten av gangvegnettet.

Ut frå det føreliggande planforslaget er det vist liten vilje til å vareta born og unge sine interesser i planlegginga og svare ut motsegna. Ein har ikkje involvert born og unge direkte i planlegginga. Innspela om born og unge sin arealbruk synest i hovudsak å kome frå eit utval vaksne, og gir ikkje eit dekkjande bilete av dagens bruk og brukspotensialet knytt til friområdet.

Vi opprettheld motsegna.

Konklusjon

Vi kan trekke motsegna til landbruk, atlantisk høgmyr og støy med dei endringane som er innarbeidd i revidert planforslag oversendt frå kommunen 18. april 2024.

Born og unge har ikkje fått høve til å medverke i planprosessen. Dette har ført til at ein ikkje har kunnskap nok om verdien av friområdet for desse aldersgruppene og at konsekvensane for born og unge av utbygginga ikkje er godt nok opplyst. Motsegna knytt til born og unge vert oppretthalden.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
Underdirektør plan og klima

Astrid Buset
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandler
Landbruk:

Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 2500

6404

Molde